



KOMMUNEREFORMA

NYHENDE NR. 6 – NOVEMBER 2015

TILRÅDING OM NY KOMMUNESTRUKTUR I MØRE OG ROMSDAL

Fylkesmannen har fått frist på seg for innsending av tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal innan 1. okt. 2016.

Fylkesmannen vil minne om mandatet og oppdraget til kommunane og Fylkesmannen:

Ved behandling av Prop. 121 S (2014 -2015) [Kommuneproposisjon 2016](#) viser stortingsfleirtalet til Innst. 300 S (2013 -2014) om at «*alle kommuner har utredningsplikt i kommunereforma*» I innstilling 375 S (2014 -2015) utdyper fleirtalet at dei med utgreiingsplikt» [...] *legg til grunn at alle kommunar skal ta aktivt del i komunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ, for så å ta stilling til kva for kommunar ein i så fall ønskjer å gå saman med, innan 1. juli 2016*». Dette inneber at kommunen må ha ein grundig prosess med sine nabokommunar, der også innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor vert involvert.

Eit fleirtal i kommunal- og forvaltningskomiteen uttrykte i Innst. 300 S (2013-2014): «*Fylkesmannen må fylgje opp dei kommunane som ikkje på eige initiativ tek nødvendig lokalt leiarskap i arbeidet med kommunereforma*»

Sjå også omtale i Prop. 95 S (2013-2014) [Kommuneproposisjon 2015](#): «*Stortingsflertallet har lagt til grunn at frivillighetsprinsippet skal gjelde, men at det likevel vil være » [...] aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikkje må stanse endringer som er hensiktsmessige ut i frå regionale hensyn*», jf. Innst. 300 S (2013-2014).

Ved behandling av Prop. 121 S (2014-2015) [Kommuneproposisjon 2016](#), jf. Innst. 375 S (2014-2015) vedtok Stortinget: «*Stortinget ber regjeringa syta for at fylkesmannen kjem med si tilråding om kommunestrukturen i fylket etter at kommunane har gjort sine vedtak seinast 1. juli 2016*» Det er denne tilrådinga Fylkesmannen har frist på seg til 1. okt. 2016.

Departementet legg altså til grunn at Fylkesmannen skal gje råd om framtidig kommunestruktur i fylket. Dette skal baserast på dei lokale prosessane i kvar einskild kommune, fakta om kommunen, måla i kommunereforma og kriteriane for god kommunestruktur. (Sjå omtale i Prop. 95 S (2013-2014) [Kommuneproposisjon 2015](#))



STOR AKTIVITET SISTE TIDA



Kommunereforma - Kristiansund kommune
Ærlighet, raushet og respekt var tre av ordene som gikk igjen da 7 kommuner på Nordmøre møttes til sonderingsmøte 17. november, skriver Tidens krav. <http://>

Album: Bilder
Deles med:

Ærlighet, raushet og respekt! Dette var stikkord som gikk igjen på sonderingsmøtet 17. nov. mellom naboane på Nordmøre – som Averøy kommune tok initiativ til.

Utgreiinga for Nordmørskommunane som blei lagt fram 5. nov. er ein del av grunnlaget for kommunane i slike diskusjonar.



Nessus-ordfører Rolf Jonas Hurlen forelegger varaordfører Edmund Morewood foran de ulike alternativene. Foto: Erik Birkeland

Romsdal regionråd samla 26. november kommunane i Romsdal + Eide kommune, for å diskutere kommunereforma Romsdalshalvøya-alternativet var svært sentralt på samlinga.

Snakker videre om stor-kommune

Kan sju kommuner bli til én? Sonderingene fortsetter i Romsdal.

• Arbeidet med spørsmål om kommunesammenslåing skyter for alvor fart, men u

SAMFUNN
- Jeg er ikke den mest populære jenta på dansgavlede. Men jeg har et forhold til alle, tatt og nært. Vi er ganske avhengige av hverandre. Det er på tide å få det skjulte forholdet fram i lys.

Den 26. november i Ålesund, fra Vinje Aurdal (Ap), da kommunereforma var tema på C.S. i 1980.
- Møtevarer med Hurlen, uttømming og med Hurlen til alle som står det gamle spørsmålet om kommunesammenslåing. Vinje Aurdal kommer med sin bidrag.

- Satt sammen med jeg er ikke den nye endringstidene. Jeg ser det i Romsdal jenta i Romsdal grad. Det er ikke på dansgavlede - med bare haker og tårn.

- I Romsdal kommuner i Romsdal fra i Romsdal, Vinje Aurdal
- Alle som i Romsdal kommuner i Romsdal, og det er ganske mange, det er et spørsmål om.

- I kommuner i Romsdal
- Ja.

Overordnet, Verken Hurlen, ender Dag Olav Tjønnhaug (H) i Romsdal eller ender i Romsdal, Stein Aun (Sp) og noen kommuner fra underregionen fra Romsdal er noen av spørsmålene.
- Jeg regner med at det var den, kjempestort tema om Østfold, Østfold og Romsdal skal gjøre ting sammen. Men jeg er kanskje litt av en erkeboer, som at det ikke er mer og daglig påking med Ålesund - i Romsdal og Ålesund i Romsdal jobber det, sier Tjønnhaug.

- Spørsmålet om kommunereforma er kanskje det som var-




ØSTFOLD: SØR ØST: Steinar Aun, ordfører i Østfold, sier om kommunesammenslåing. Ordfører Eva Vinje Aurdal, Ålesund

Ordfører Eva Vinje Aurdal tok ordet på Arena Sunnmøre 26.nov. der ho bydde opp kommunane til dans! «vi er ganske avhengige av hverandre» seier Aurdal. (Sunnmørsposten 27. nov. side 10)

Innbyggjarundersøkinga for kommunane på Sunnmøre blei lagt fram på konferansen.



NESSET–SUNNDAL ER I GANG!



[Første sonderingsmøte mellom Nesset og Sunndal blei avholdt 23. okt.](#)

ØRSTA–VOLDA ER I GANG!



[Fellesmøte for prosjektgruppene i Østra og Volda 5. nov.](#)

TILLITSVALTE OG TILSETTE MED I REFORMARBEIDET

Fylkesmannen merkar seg at kommunane tek dei hovudtillitsvalte med i kommunereformarbeidet som til no har vore i ein utgreiingsfase – og det er bra! Når arbeidet vert meir konkret i høve til forhandlingar/intensjonsavtale om ein ny kommune, vil fylkesmannen minne om at tillitsvalte og tilsette i kommunane bør involverast. Det er gode eksempel frå gjennomførte prosessar, eks. frå eige fylke - Kristiansund og Frei.

KVA HENDER FRAMOVER

- Fylkesmannen si politikaropplæring: 6. jan. Surnadal, 7. jan. Molde, 13. jan. Ålesund, 14. jan. Ulstein
- Kontaktpersonsamling: 28. (kveld) til 29. jan.
- Tenketank: 10. feb.



FYLKESMANNEN HAR ORDET

Fylkesmannen har den siste månaden delteke og vore vertskap på ein del møte og samlingar i arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen har difor ei god oversikt over den einskilde kommune sitt arbeid med kommunereforma.

MILEPÆLSPLANA ser ut til å vere godt implementert i kommunane, og fylkesmannen minner om at **31. jan. 2016 er frist for å ha vedteke kva slags alternativ ein skal gå i vidare forhandlingar med.**

Nokre kommunar har kome godt i gang. Nyleg fekk vi melding om at Larvik og Lardal i Vestfold søkte om å slå seg saman. Averøy kommunestyre gjorde vedtak om at dei ville invitere sine naboar til innleiande samtalar om ein storkommune på Nordmøre. Møtet blei godt dekkja av Tidens Krav der tre ord gjekk igjen: **«Ærlighet, respekt og raushet».**

Arbeidet med kommune-reforma handlar om at dei folkevalte har eit ansvar utover det å løyse viktige oppgåver i inneverande periode.

Dei folkevalte må ta aktiv del i arbeidet med kommunereforma, sette seg inn i prosessane, vurdere, ta stilling til og til slutt fatte vedtak.

Dette handlar om framtida!

Dei som seier nei no – seier nei til å diskutere moglegheiter for framtida – og framtida kjem uansett. Då kan det vere lurt å bli med å påverke og ha **«ei hand med på rattet»!**

Etter at alle vedtaka frå kommunane er tilsendt Fylkesmannen innan 1. juli 2016 – skal Fylkesmannen starte arbeidet med å gå igjennom vedtaka for å gjere si tilråding til KMD.

Fylkesmannen har allereie starta på arbeidet med å innhente og systematisere fakta om kommunane i Møre og Romsdal – noko vi vil halde på med fram til våren 2016. Alle fakta og framtidsanalysar om kommunen blir viktig dokumentasjon i det vidare arbeidet med tilrådinga.

Fylkesmannen skal då på sjølvstendig grunnlag analysere og vurdere kva som gagnar ein samla kommunestruktur i Møre og Romsdal – og som kan fremje utvikling både for by og distrikt.

Det vil i denne samanhengen vere viktig for Fylkesmannen kva kommunen har vurdert og analysert i forhold til sitt tilhøve med kommunane i sin eigen bu- og arbeidsmarknadsregion.

Dersom vedtaket inneber at kommunen berre ynskjer å fortsetje som før utan alternativ – ***har ikkje kommunen gjeve råd til Fylkesmannen sett i høve til bestillinga frå Stortinget og regjeringa.***

Difor må kommunane i tillegg ha minst ei utgreiing saman med ein eller fleire kommunar som eit alternativ i det endelege vedtaket - skal det vere noko råd til Fylkesmannen.

Ut i frå kva vi allereie veit om kommunane i Møre og Romsdal i dag kan vel fylkesmannen allereie no seie at svært få oppfyller hovudmåla i kommunereforma.

Fylkesmannen har all grunn til å meine og tro at alle kommunane i Møre og Romsdal kjem til å gjennomføre oppdraget frå Stortinget.

Er det noko Fylkesmannen kan hjelpe til med framover er det berre å ta kontakt.

Kontaktadressene finn du på Fylkesmannen sine [heimesider](#).

